


FASE 3

02. Mars - 11. April

Tomine Haaland Furelid



Fra teori til design

kutt vekk

FASE 3

kutt vekk

Planlegging

I fase 3 rettar eg fokuset frå teori til form og design og skal sette i gang prosessen med å teikne ut ideane eg har. Gjennom denne fasen kjem eg til å støte på nokon utfordringar når eg fortsett med design i plan som kan vere fine å komme over så tidleg i prosjektet for å kunne diskutere dette grundig på seminar og med veiledar.

**1**

Verktøykasse

Omarbeide kunnskap frå tidlegare fasar og informasjonsinhentingar for å danne prinsipp og fysiske verktøy som kan støtte designprosessen vidare.

**2**

Designstatement

Utarbeide klart designstatement og problemstilling til prosjektet slik at dei som ser/ høyrer på kan følge tråden i prosjektet

**3**

3D modell

Klargjere og danne 3D modell for å kunne jobbe meir romleg og for å kunne hente ut gode snitt linjer og Axo modellar som kan fungere som skisse underlag.

**4**

Sketchdesign med analyser

Frå teori til form. Begynne å visualisere teori og funn i design for å kunne diskutere tankar i andre format enn tekst. Analyser kjem som tillegg når eg innser kva analyser eg manglar.

**5**

Booklet

Sette saman booklet av verktøykassa og frå refleksjonar og visjonar for prosjektet for å kunne lede den som ser i kva eg har tenkt når eg har arbeida.

**6**

Avsluttande

Samanfatte arbeidet frå fase 3 og reflektere over arbeidet og andre samtaler som har dukka opp gjennom fasen, planlegge vegen vidare.

Tittel: Restituerande landskapsmiljø

Tittelen Restituerande landskapsmiljø var eit begrep eg utvikla under prediplomen hausten 2023, og omdefinerte/ vidare utvikla under diplom arbeidet våren 2024.


Ordet Restituere betyr å bringe tilbake tidlegare tilstand eller form. Å restituere seg, eller bli restituert, betyr å bli frisk eller utkvilt igjen, eller å komme seg. (snl.no)

Begrepet utforska eg gjennom prediplomen og vart satt i inspirasjon av artiklar og kjelder eg las på som var relevant for mitt arbeid kor dei engelske begrepa som vart teke i bruk var "restorative landscape environments" som direkte oversatt til norsk betyr gjenopprettande landskapsmiljø. Den direkte oversettinga har ikkje noko sterkt betyding på norsk kor eg tilpassa tittelen og lagde mitt eige begrep med ordet restituere. Den teoretiske utforskinga eg gjorde i prediplomen lot meg samle saman teoriar og kunnskap om temaet eg arbeider med for å legge føringar for prosjektet vidare i diplomen.

Problemstilling / designstatement


Korleis skape ein imøtekommande landskapsplan som legg til rette for sosialt samvær, tilstedeverelse, restitusjon og psykisk helse, som også komplimenterer eit behandlingsenter for ei variert aldersgruppe med ulike behov?

Utkast 1 - til nedre del av planet



I første utkast legg eg vekt på korleis man kan skape rom for dagsenteret og deira brukarar slik at dei også kan aktiviserast ute. Tanken var også å arbeide med gradientar som skil dei ulike romma i landskapet på nedsida av bygget. Vannspeil og reflekterande flater er viktige for å fange merksemda på ein anna måte her nede som kan spille fint i samband med byggets programmering. Det som manglar i denne er ei sterk tilknyting til stien som går nede ved vannkanten.


Utkast 2 - til nedre del av planet



I andre utkast tek eg ideen om vannspeil vidare og ser på korleis eg kan bruke det til å dele opp rom og gi dei ulike funksjonar. Sone inndelinga spelar meir inn i dette forslaget kor eg ser på dei offentlige versus dei private områdene på tomta og dannar forskjellige inndelinger for dei ulike brukarane for å sikre at dei som vil vere aleine eller sosiale får rom til det. Det vert gjort nokre refleksjonar rundt materialitet og benkeplassering i dette forslaget for å rette meir fokus mot brukaren.


Utkast 3 - til nedre del av planet

kutt vekk



I tredje utkast prøvar eg å bryte opp det stramme rutenettet frå forrige forslag og introdusere meir organiske inndelingar. Her har eg reflektert rundt effekten av lyd i landskapet og korleis ulik materialitet kan bidra til eit anna lydbilde, enten om man skjermar frå lyd eller forsterkar den gjennom design. Her har eg også tatt ei vurdering på kor mykje av landskapet som skal bearbeidast i form av bevaring av det eksisterande.


Utkast 4 - til nedre del av planet



I fortsettelsen av bryting av det stramme rutenettet bygger eg vidare på ideen om å introdusere meir organisk/ uformellt bevegelsesmønster på nedsida av bygget. Refleksjonane gjort her er rundt korleis topografiien kan spele ei rolle i ulike rominndelingar og korleis vegetasjonen kan bidra til å skape ulike skjerming/ eksponeringseffektar i landskapet. Kor tett på andre menneske som beveger seg i landskapet kan man vere før man føler at man forstyrrar andre? Dei organiske formane kan vere med på å eksponere større flater til sosiale soner/ intime soner i landskapet.


Planutkast 01 - Heile plan

I første utkastet til heile plan byrjer eg å trekke nokre av dei øvre- og nedre planutkasta saman. Det eg byrjer å undersøke er korleis man kan bruke bevegelse og materialitet til å lede brukaren gjennom landskapet. Men også korleis man kan halde den øvre delen av planet formellt og nedre del uformell for å bryte mønstera tomta har i dag.



Planutkast 02 - Heile plan

I andre planutkast forsøker eg å programmere flatene litt meir. Brytning i materialitet og sanslegheit kan vere med på å skille ulik bruk slik at dei brukarane området er desegnert for forstår at dei kan bruke det og føle seg trygg i landskapet. Vegetasjonen er eit viktig element for å skjerme og eksponere dei ulike romma og brukarane. Aktivisering for meir offentleg bruk er viktig for å ikkje eksponere brukaren for mykje.




Planutkast 03 - Heile plan

I tredje utkast fokuserer eg meir på korleis man bryter dei største flatene med mønster og taktile flater. Dette er også gjort for å kunne skjerme inngangen meir når det ikkje er eit stramt samanhengande mønster som leder rett til inngangen til Losen lågterskelsenter. Men også for å skape nokre rom med hardare flater og for å ramme inn ulike rom.



Soneanalyse

Ei soneanalyse av dette planet viser korleis man kan bruke denne ideen for å skape private, semi-private, semi-offentlege og offentlege sone innad i planet for å dele bruken meir opp.



Planutkast 04 - Heile plan

I fjerde utkast bygger eg vidare på ideen frå tredje utkast men legg meir vekt på eit ledande element som går gjennom heile planet på oversida for å veilede kor man skal bevege seg. Dei meir formelle bevegelsane skjer på større harde flater, medan dei meir uformelle bevegelsane skjer på brutte mønster på bakken og med vegetasjon som skille.



Soneanalyse

Ved ei sone analyse av sonene i dette planet kan vi skape offentlege soner (rød), semi-offentlege soner (oransje), semi-privat (gul) og private soner (blå). Sone inndelinga er noko lik som i forrige plan, og må bearbeidast vidare for å skape fleire private soner for dei mest sensitive brukarane.



Sone inndeling Dagens situasjon

I dagens sone inndeling har vi store delar av området som føles privat og halv privat. Bygget i seg sjølv er veldig ekskluderande og man føler at man er på nokon andre sin egedom. Dei offentlege sonene ligg der veggen er, nord i planutsnittet, og sør i planutsnittet ned mot vatnet. Til nermare man kjem bygget til meir nermar man seg ei privat sone om man føler at man trer inn i noko som ikkje er meint for den å tre inn i. Det er også nokon områder som føles halv offentleg, og det ligg meir til parkeringsplassen og den grusbana som ligg der. Grunnen til at eg har satt den til å vere halvoffentleg er fordi det ligg tett på bygget og utforminga og den gjenngrodde vegeasjonen skapar ein følelse av at man er uvelkommen.




Sone inndeling Ønskeleg situasjon


I ei ønskeleg soneinndeling ønsker eg å skape meir offentleg område. Det blåe representerer det offentlege kor man skjermar LGA og dei private bustadane som ligg tett på (i rødt) og vender det offentlege inn mot bygget. Den høgre delen av bygget består av bydelskaféen og er eit offentleg inneområde, så det skal føles offentleg og velkommen. Medan i den venstre delen av bygget er behandlings soner for Losen, og der ønsker eg å halde det privat på tross av at det er innsyn frå bakkeplan på oversida av bygget. På nedsida av bygget har eg jobba med ein gradient for å opne meir opp, og trekke fleire folk opp til den nye inngangen av bydelskaféen men ønsker å prøve å behalde ei halv privat følelse tett på venstre nedsida av bygget. Dette er for å skjerme brukarane som kjem ut frå behandling utan å eksponere dei for mykje.



Sone inndeling Sett i snitt

Eg har også teikna sonene opp i snitt, og dette er frå dagens situasjon for å visualisere betre kva som gjer at det føles som (rødt) privat, (oransje) halvprivat, (gul) halvoffentleg & (blått) offentleg





På leit etter formkonsept

Befaring onsdag 09. april (10:30-13:00)


Intensjonen med befaringa var å fare på leit etter eit formkonsept inspirert av naturlege forekomstar av mønster, lyd, materialitet og oppleving. Det var gjort mange funn nede i fjæra med eksempel på mønster man kan finne naturleg på plassen som kan inspirere prosjektet vidare i designfasen. Noko av det eg fann var ulike rom som var danna av formasjonar i landskapet, men også mønster og sjatteringar i stein.

I bildene 1-4 er det korleis materiale som enten framstår vertikalt eller horrisontalt bryter møtet med eit anna materiale. I bilde 5 vart eg inspirert av sjatteringane i stienen og korleis den har organisk utforming.

I bildene 7, 8 og 14 var det meir den orgaisnke forekomsten av vekster som eksisterar i landskapet og fargane som skil dei ut. I bildene 8, 11 og 12 såg eg på korleis former som sirklar kjem fram i landskapet naturleg gjennom vær og korleis det bryt med ei ellers stilleståande flate.

I bilde 10 og 13 var det meir korleis tidevann og tining av snø eksponerer nye funn enten på land eller i fjæra og korleis dette skapar følgelinjer man vil bevege seg ved.

1



2



3




4



5



6



7



8



9



10



11



12



13



14



Skisser på befaring

Dei mønstera og formasjonane som skapte mest interesse hjå meg var dei organiske formasjonane som kom fram og var synlege denne dagen. Naturen har ein fin måte å organisere og danne mønster som kan vere vanskelege å representere gjennom design, men kan informere formspråket ved å trekke desse ut og bruke det som stedseigen inspirasjon til å formgjeve.






Planutkast 05 - Heile plan


Sirkelen er ei sterk form å bruke som formkonsept, men der er mange paralleller man kan trekke til psykisk helse og til naturen når man arbeider med sirklar. Sirkelen er definisjonen på den perfekte geometriske form, men innan psykisk helse snakkar man gjerne om "ein ond sirkel" som er vasnkeleg å bryte. I naturen finn man denne forma i ulike format og er ein kvalitet som er lett å finne att på tomta.

I dette forslaget bygger eg vidare på formene eg fann på befaring som er tilknytt tomta, og ser på korleis sirkelen kan nyttast i plan. Ved rød strek fungerer sirkelen som ei ekskluderande form, medan ved blå strek er den inkluderende. Sirkelen kan ha stor påverknad på brukaren til å trekke dei inn, eller ved høgare barriærer kan den skjerme og halde brukaren utforbi.



Planutkast 06 - Heile plan

Tar man ideen om sirkelen vidare kan man bygge opp denne sirkelen på nokre delar av forma for å indikere at det ligg eit rom der kor den på yttersida vil halde brukaren ute, men på innsida kan man skape eit trygt rom å opphalde seg i, eller at det har ein samlande effekt for å vere eit sosialt område. Bevegelsesmønsteret er inspirert av bevegelesen man har i fjæra av landskapet kor man ikkje lenger beveger seg i ei rett linje og at det har ein kontemplativ effekt kor man beveger seg lenger for å sjå meir.



1:1 skissering på tomta

Som ein øving gjorde eg ei 1:1 skissering på tomta ved å tråkke opp formene eg har jobba med i dei siste planforsлага for å reflektere litt rundt kor store sirklane kan vere og eventuelt kor små dei kan vere før man ikkje føler at man sitt/ er i eit rom lenger. Men også sjå på kva områder på tomta eg følte meg trygg, sett, ikkje sett, kor eg kunne vere alene, og kor tett man kan vere på eit veldig sosialt og brukt område utan å fysiskt ta del i det. Det eg såg var at sirklane vart tråkka opp der eg hadde utsikt til sjøen, men også kunne sjå at det var liv rundt meg utan at eg tok del i deg sjølv. Det er mange fine lommer inne i mellom trea som man kan bruke til å lede from og design i prosjektet.





Referanseprosjekter som inspirasjon

Kva har inspirert prosjektet?

Nokre av referansane som har informert prosjektet mitt har eg hatt med meg sidan prediplom arbeidet hausten 2023. Nokon av dei er nye kor man ser på brytning av store opne flater, men også korleis man kan skape opplevingar i desse flatene.

Alnarp rehabiliteringsenter er eit prosjekt som har blitt utarbeida av eit stort fagteam i Sverige kor dei har aktivt arbeida med eksponeringsoner i landskapet som skal komplimentere eit behandlingstilbod for dei som slit med psykisk helse. Mykje av arbeidet handlar om kor aktivt deltagande man er i landskapet. Nokre av romma er det lagt vekt på kontemplasjon og tilstadeverelse, medan i andre rom er det fokus på sosiale aktivitetar saman med dei andre som er i behandling. Landskapsarkitektane har stått for utforminga av hagane med innspill frå fagpersonar.

Mykje av arbeidet med psykisk helse handlar om å flytte fokus utover og anvende det til noko positivt, dette kan skje gjennom bryting av flater og inndeling av rom for å skape ulike sanslege opplevingar for brukaren enten individuelt eller i felleskap.

- 01 - Bridgefoot streetpark, Irland, av DFLA ([kjelde: dfla.ie](#))
- 02 - Vadehavcenteret, Danmark, av Marianne Levinsen arkitekter ([kjelde: mariannelevinsen.dk](#))
- 03 - The Third Train, Frankrike, av Paysarchitecture ([kjelde: Landezine.com](#))
- 04 - Alnarp rehabiliteringsenter, Sverige, i regi av Partik Grahn ([kjelde: Persson, K. S \(2010\), the rehabilitation garden at Alnarp](#))

01




02



03



04




Bøker som inspirasjon

Kva har inspirert prosjektet?


Det er fleire bøker og teoretiske kjelder eg har sett til når eg har arbeida med designet for prosjektet. Desse er skrive av enten miljøpsykologar eller av arkitektar, men visjonane deira er ofte overførbare til landskapsarkitekturen og til dette prosjektet. Når man skal arbeide med positive distraksjonar må man rette fokus mot sansane våre. Dette er apparatet vi brukar til å lagre minnene av opplevinga vi har hatt.

Bøkene berørar korleis dei med funksjonstap kan sanse og oppleve rom, men også den generelle påverknaden materialitet, lys, temperatur, stemningsleie, vær og farge kan spele inn i vår oppleving av rom og omgjevnadar.




Atmospheres

Gjennom 9 delar av boka snakkar arkitekten Peter Zumthor om kva han definerar som atmosfære. Samla sett er det intrykket vi får umiddelbart av opplevinga som definerer atmosfæra i rommet eller i landskapet og er eit viktig grep å bruke når man arbeider med arkitektur.



Norsk miljøpsykologi, mennesker og omgivelser

I denne boka skriv forfattarane om korleis miljøpsykologien er eit tverrfagleg felt som handlar om samspelet mellom menneske og deira fysiske miljø. Samt korleis omgjevnadane og miljøa våre påverkar vår psykiske helse.



Sanselig Arkitektur

Boka skriv om interiørarkitekturen og korleis menneske forheld seg til rom. Korleis rom sjåast, høyrast, følast og opplevast, spesiellt for dei med funksjonstap. Dette kan overførast til romdanninga av design og rom i landskapsarkitekturen.

Refleksjon rundt modell

Kva kan modellen vere til mitt prosjekt?

Modellen kan vere ein anna måte å vise romlegheit på. I prosjektet mitt så langt fantaserar eg om mange ulike romlege kvalitetar under trea og dei kvalitetane det gir til staden, men det syns ikkje i plan. Snitt er ein måte å visualisere dette på, men det er begrensa kor mykje eg kan få fram i dette.

Modellen kan vere ein måte å vise romlegheit på og korleis dei ulike romma eg teiknar i plan og snitt fungerer i praksis. Vegetasjonen er noko av det viktigaste eg arbeider med i dette prosjektet og korleis man relaterer til den på tomta. Modellen bør vere stor nok til å kunne vise taktilitet, materialitet og dimensjonane på dei ulike installasjonane og kvalitetane i landskapet. Men også koplinga mellom inne i behandlingsromma og ute tilknytt programmet.

01



Vise lag og rom

Kunstverk av Lauren Kussro, "Coral garden".

I dette eksempelet kan man sjå på korleis man kan arbeide med ulike lag i landskapet og vise vegetasjonen og den romlege dimansjonen av den.

02




Taktilitet

Kunstverk av Silkebonde

Det å arbeide med taktilitet av større flater, dette eksmepelet viser til korleis man kan skape ein taktilitet ved modellen og bryte opp materialet for å skape dynamikk i modellen.

03



Deling av modell

Modell av Miguel Hernández, "Sankt Sunnivas Hager". Denne modellen byter opp topografien og viser grep gjort for å kople dei saman. Modellen er også eit fint eksempel på å vise vegetasjon i modellen.

04



Nærmodellar

Modell av Roan and Erwan Bouroullec
For å bryte med ein større modell kan man lage nærmodellar og studier for å vise prosjektet nærare og få fram fleire romlege kvalitetar.

6 - Refleksjon - Oppsummering

Prosessen

Prosjektet har byrja å teke meir form i denne fasen. Den vart noko lenger enn det som var planen, men formspråket byrjar å samstemme med konsept og tema for prosjektet.

Denne fasen gjekk mykje av fokusset til å arbeide med plan, utvikling av plan og befaring med vidare refleksjonar rundt korleis dette skal ta form. Sirkelen som formspråk har blitt sterkt, og resterande formspråk og samanhengen mellom dei ulike romma må forsterkast enda meir.

Det eg sakna i denne delen av prosjektet er korleis detaljane kjem til å sjå ut, men også korleis det fungerar i praksis. Det er fleire romlege undersøkingar som må til i vidare arbeid for å forsterke og formidle prosjektet på riktig måte.

Vegen vidare

Fase 4

Arbeidet vidare inn i fase 4 kjem eg til å rette fokus på å få ferdigstilt modell slik at den kan nyttast til å undersøke design vidare for prosjektet. Det som også skal vere fokus vidare er å løfte fram alle dei stadeigne kvalitetane og korleis dei skal sansast i prosjektet og kva dette kan bety for brukarane og for plassen.

Denne fasen skal det også vere fokus på kurratering og korleis den rauden tråden skal trekkast gjennom prosjektet vidare for å skape ei sterk historie og eit formsterkt prosjekt.

Denne sida er etterlatt blank

kutt vekk

Denne sida er etterlatt blank